
FORVALTNINGSMÅL FOR HJORT OG RÅDYR – SULA KOMMUNE 2026 – 2028

Måldokument for hjort og rådyr



Forfatta av Norsk hjortesenter 15.06.2026



Foto: Johan Trygve Solheim©.



Samandrag

Forvaltningsmål for hjort og rådyr for Sula er kommunen sitt måldokument med retningslinjer for forvaltninga av hjort og rådyr i kommunen framover. Det byggjer på vurderingar av korleis bestandsutviklinga har vore utifrå tilgjengelege data og korleis ein ynskjer den vidare framover.

Hjort og rådyr utgjer viktige utmarksressursar i kommunen. Bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal og sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi.

Sula kommune skal, jf. kapittel 6, jobbe for:

- Opprettholding av ei grunneigarstyrt og kunnskapsbasert forvaltning
- Redusert omfang av arealbrukskonfliktar
- Redusert storleik på vinterbestanden av hjort
- Auka slaktevekte og betra kondisjon for dyra i bestanden
- Betre kjønnsstruktur med meir vaksne hanndyr i hjortebestanden
- Auka gjennomsnittsalder til dei vaksne dyra i bestanden
- Robuste bestandar som stiller sterkt i framtidas natur i endring.



Foto: Jon Anders Stavang©.

Innhald

.....	0
Samandrag	1
1 Føremål - bakgrunn for utarbeiding av forvaltningsmål	5
1.1 Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)	6
1.1.1 § 1. Formål	6
1.2 Naturmangfaldlova (LOV-2009-06-19 nr.100: Lov om forvaltning av naturens mangfold)	6
1.2.1 § 1. Lovens formål	7
1.2.2 § 5. Forvaltningsmål for arter	7
1.2.3 § 8. Kunnskapsgrunnlaget	7
1.3 Dyrevelferdslova (LOV-2009-06-19-97: Lov om dyrevelferd)	7
1.3.1 § 1. Formål	7
1.3.2 § 3. Generelt om behandling av dyr	8
1.4 Skogbrukslova (LOV-2005-05-27-31: Lov om skogbruk)	8
1.4.1 § 9. Førebyggjande tiltak	8
1.5 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt	8
1.6 Hjorteviltforskrifta (FOR-2016-01-08-12: Forskrift om forvaltning av hjortevilt)	9
1.6.1 § 1. Formål	9
1.6.2 § 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr	9
1.6.3 § 4. Interkommunalt samarbeid	9
2 Bestandsstruktur og vektutvikling hjå hjort	10
2.1 Resultat frå overvakingsprogrammet for hjort	10
2.1.1 Vektutvikling hjå kalvar og ungdyr	10
2.1.2 Reproduksjonsevna i hjortebestandane	11
2.1.3 Alderen til dyra i hjortebestandane	12
2.2 Årsaker til reduksjon av vekt og kondisjon	12
2.2.1 Beitekonkurranse	13
2.2.2 Alderen til produksjonsdyra	13
3 Skader på jordbruksareal, skog, hagebruk m.v.	15

3.1 Beiteskadar på jordbruksareal.....	15
3.2 Beiteskadar på skog	16
3.3 Skadar i hagar m.v.....	16
3.4 Påkøyringar.....	16
4 Bestandsutvikling og status for hjort og rådyr	20
4.1 Fellingsstatistikk - hjort.....	20
4.1.1 Fellingsstatistikk 1986 - 2025	20
4.1.2 Fordeling av avskytinga	21
4.1.3 Kjønnssfordeling i jaktuttaket	23
4.1.4 Fordeling av avskytinga på kjønns- og aldersgrupper	24
4.2 Sett Hjort	25
4.2.1 Sett hjort per jegerdag.....	26
4.2.2 Sett kalv pr kolle.....	27
4.2.3 Sett Kolle pr. bukk.....	28
4.2.4 Sett spissbukk per bukk	29
4.3 Slaktevekter kalvar og ungdyr - hjort	29
4.3.1 Slaktevekter for kalvar	30
4.3.2 Slaktevekter for ungdyr	31
4.5 Fellingsstatistikk – rådyr	32
4.6 Slaktevekter - rådyr	32
4.7 Rådyr i urbane områder	33
4.8 Refleksjonar rundt bestandsutvikling og status	33
4.8.1 Hjort	33
4.8.2 Rådyr	35
4.8.3 Konflikter mellom hjortevilt og menneske	37
5 Organisering, valdstruktur og områdebruk.....	37
5.1 Dagens valdstruktur og organisering.....	37
6 Forvaltningsmål og tiltak for hjort.....	38
6.1 Hovudmål	38
6.2 Delmål.....	38
6.2.1 Oppretthalde bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane	38
6.2.3 Vidare reduksjon av bestanden	38
6.2.4 Auke delen eldre hanndyr i bestanden	39

6.2.5	Auke gjennomsnittsalder til dyra i bestanden.....	39
6.2.6	Sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon	40
6.3	Tiltak for å nå måla for hjorteforvaltninga	40
6.3.1	Oppretthalde bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane	40
6.3.2	Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert.....	40
6.3.3	Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar i høve andre interesser	41
6.3.4	Auke delen eldre hanndyr i bestanden	41
6.3.5	Auke gjennomsnittsalder til dyra i bestanden	41
6.3.6	Sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon	41
7	Forvaltningsmål og tiltak for rådyr	42
7.1	Hovudmål	42
7.2	Delmål og tiltak	42
7.2.1	Ein skal ha ei meir gjennomført forvaltning av rådyr.....	42
7.2.2	Ein skal ha ein betre struktur i bestanden – alder og kjønn.....	42
7.2.3	Ein skal halde konfliktnivå knytt til rådyr i tettbygde strøk, hagar og trafikk på eit akseptabelt nivå	42

1 Føremål - bakgrunn for utarbeiding av forvaltningsmål

Det er fleire lover og tilhøyrande forskrifter samt Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt som legg rammer og føringar for forvaltning av hjortevilt.

Dagens hjorteviltbestandar utgjer viktige og store ressursar både som grunnlag for rekreasjon gjennom jakt, andre naturopplevingar og som kjøtprodusentar. Desse ressursane gjev mange stader grunnlag for næringsmessig utnytting. Mange jegerar og grunneigarar ynskjer difor å ha tette hjorteviltbestandar.

Hjorteviltet påverkar også andre næringsinteresser som jord-, skog- og hagebruk, der beiteskadar frå hjortevilt kan medføre økonomisk tap av betydeleg omfang. Skade i private hagar og på gravplassar, parkar o.l. kan einskilde stader også vere eit problem. I høve samferdsle er kollisjonar mellom køyretøy, jernbane og hjortevilt mange stader eit stort problem. Dette kan medføre alvorlege personskadar, og i dei verste tilfella tap av menneskeliv. Det er og ofte knytt store lidingar for skadde dyr og store økonomiske konsekvensar gjennom skade på køyretøy, kostnader for helsevesenet og kostnader med ettersøk og avliving av skadde dyr, til denne problematikken. I takt med aukande bestandstettleik har vekt og kondisjon hjå dyra gått nedover. Dette har medført mindre robuste bestandar med mindre stabil reproduksjon og dårlegare vinteroverleving for kalvar. I høve omsyn til etikk og dyrevelferd så har denne utviklinga vore uheldig.

Store konsentrasjonar av hjortevilt påverkar også vegetasjonen i vesentleg grad, noko som igjen kan få betydning for naturmangfaldet. Dette gjeld både i høve til plantar og endra livsmiljø og levekår for andre viltartar og organismar. Forsking syner at effektar av hjorteviltbeiting kan vera både positive og negative avhengig av kva forvaltningsmål ein har for det biologisk mangfaldet. Til dels hard beiting av hjort kan vere positivt for mangfaldet sjølv om det kan gå hardt ut over einskilde artar - hovudsakleg busker og tre.

Hjortebestandane skal også forvaltast utifrå omsynet til dyrevelferd og dyra sin eigenverdi.

Kommunen har såleis ansvar for å ta omsyn til ei rekkje interesser når dei gjennom dei kommunale måla skal legge føringar for hjorteforvaltninga. Dei kommunale måla bør vere mest mogleg konkrete og kunne etterprøvast.

1.1 Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)

Viltressurslova gjev regelverket for det meste i høve utøving av jakt, fangst og forvaltning av vilt. Ein del av dette er heimla direkte i lova, men noko også gjennom ei rekkje forskrifter til lova m.o.a.: - Forskrift om forvaltning av hjortevilt som særskilt omhandlar forvaltninga av hjorteviltet.

Føremålsparagrafen i Viltlova seier:

1.1.1 § 1. Formål

Lovens formål er å sikre at forvaltning av viltressursene gjennom jakt, fangst, felling og annen håndtering av vilt skjer på en bærekraftig og forsvarlig måte, i samsvar med [naturmangfoldloven](#) og [dyrevelferdsloven](#).

1.2 Naturmangfoldlova (LOV-2009-06-19 nr.100: Lov om forvaltning av naturens mangfold)

Naturmangfoldlova, som er ei overordna lov i høve all arts- og arealforvaltning, gjev ikkje konkrete reglar for jakt, fangst og forvaltning av vilt anna enn i høve det som ein vanlegvis kallar «skadefellingsløyve». Dette vil sei uttak av vilt utanom reglar for vanleg jakt og fangst for å avverje skade på ulike interesser. Dette er heimla i: § 17. alminnelige regler om annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk og i § 18. annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene. Prinsippa i Naturmangfoldlova skal likevel leggjast til grunn ved all forvaltning både av areal og einskildartar. Lova stiller og krav til kunnskapsgrunnlaget for offentlege vedtak, noko som då gjeld for fastsetjing av det kommunale målet så vel som for både tildeling av fellingsløyver og godkjenning av bestandsplanar.

I høve ivaretaking av økologiske prosessar (§ 1) kan skeiv kjønnsbalanse og lite vaksne hanndyr, som ein ser mange stader, vere i konflikt med dette. Nok vaksne hanndyr til at det vert avgjerande kamp mellom vaksne bukkar om å få pare kollene ivaretek viktige funksjonar i høve brunst og reproduksjon. For få av desse meiner ein er medverkande for den negative vekt- og kondisjonsutviklinga til dyra i bestandane. Hanndyra er ikkje ferdig utvikla kroppsleg (vaksne) før dei er om lag 6 år. Resultat frå Overvakingsprogrammet (pkt. 3.1.3) syner at gjennomsnittsalderen til bukkane er låg og at der er særst få hanndyr over 6 år.

1.2.1 § 1. Lovens formål

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

1.2.2 § 5. Forvaltningsmål for arter

«Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.

Forvaltningsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.»

1.2.3 § 8. Kunnskapsgrunnlaget

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.»

1.3 Dyrevelferdslova (LOV-2009-06-19-97: Lov om dyrevelferd)

Dyrevelferdslova gjev reglar om respekt og handsaming av dyr så vel viltlevande som tame og gjeld såleis i høve forvaltning og jakt på hjort. Utviklinga i hjortebestandane mange stader på vestlandet med minkande kroppsvektar og kondisjon hjå dyra som t.d. i snørike vintrar kan medføre stor dødelegheit kan såleis vere i konflikt med dyrevelferdslova.

1.3.1 § 1. Formål

Formålet med loven er å fremme god dyrevelferd og respekt for dyr.

1.3.2 § 3. Generelt om behandling av dyr

Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger.

1.4 Skogbrukslova (LOV-2005-05-27-31: Lov om skogbruk)

Også skogbrukslova har reglar som kan legge føringar for forvaltninga av hjortevilt dersom hjorteviltbestandane medfører store skadar på skog jfr. Lova sin § 9:

1.4.1 § 9. Førebyggjande tiltak

Når det er fare for at større skogområde kan bli skadd av insekt- eller soppangrep skal kommunen setje i verk dei førebyggjande tiltak som er nødvendige. Dette kan mellom anna vere pålegg til skogeigarar. Dette gjeld også for skog og tre i område som er utanfor virkefeltet i § 2. Departementet kan fastsetje nærare forskrifter om slike tiltak, og korleis utgiftene skal dekkjast. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.

Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert.

1.5 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt

Direktoratet for Naturforvaltning fastsette i 2009 strategi for forvaltning av hjortevilt (DN rapport 8 – 2009). I april, 2026, kom den nye, og oppdaterte strategien. Den nye strategien sin visjon er «**Robuste bestandar i ein natur i endring**», og ein freistar å ivareta samspelet mellom hjorteviltet og samfunnet på best mogleg måte. Målet med strategien er å utvikle ein langsiktig haustingskultur som har som formål å forvalte ressursane til det **beste for hjorteviltartane**. Dette målet skal ein nå gjennom å arbeide for å oppnå:

- Mest mogleg naturleg kjønns- og alderssamansetnad i bestandane.
- God samanheng mellom tettleik og samla beiteressursar.
- Gode moglegheiter for genflyt mellom delbestandar.
- Ei endring i norsk hjorteviltforvaltning: Frå fokus på utbyttet frå jakta, til eit større fokus på dyra som går igjen i bestandane etter jakta.

1.6 Hjorteviltforskrifta (FOR-2016-01-08-12: Forskrift om forvaltning av hjortevilt)

Hjorteviltforskrifta gjev reglar for forvaltninga av hjortevilt. Det er her i §3 sagt at kommunane skal fastsetje mål for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr. Føremålsparagrafen (§1) gjev og føringar for bestandsmåla.

1.6.1 § 1. Formål

«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»

1.6.2 § 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr

«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

1.6.3 § 4. Interkommunalt samarbeid

«Kommunene bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandene når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanleggingen over kommunegrenser.

Fylkeskommunen kan pålegge kommuner å inngå i et slikt samarbeid hvis det anses som nødvendig for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige hensyn på et regionalt nivå.»


Ei rekke merkeprosjekt av hjort syner at ein stor del av dyra gjennom året brukar store areal og at korkje kommune eller fylkesgrenser er barrierar i den samanheng. Det er lokale variasjonar, men størstedelen av dyra har ulike leveområde på sommaren og på vinteren, og avstandane mellom desse kan vere til dels store. Hausttrekket går føre seg under jakta og ein stor del av dyra er innom fleire kommunar i løpet av jaktperioden.

2 Bestandsstruktur og vektutvikling hjå hjort

2.1 Resultat frå overvåkingsprogrammet for hjort

Overvåkingsprogrammet for hjortevilt, som har samla inn kjevar og ovariar frå felte hjort i lag med data om slaktevekt, fellingstidspunkt m.v. har gjeve mykje kunnskap om bestandsstruktur, vektutvikling og reproduksjonsevne i hjortebestandane. På Vestlandet har det vore samla inn materiale frå felt hjort i 2 regionar – region sør (Kvinnherad kommune) og region nord (tidlegare Flora kommune) sidan 1992. Då avskytingsmønster og bestandsutviklinga har vore mykje godt lik for heile Vestlandet i perioden kan data frå overvåkingsregionane overførast/nyttast i andre område.

2.1.1 Vektutvikling hjå kalvar og ungdyr



Figur 1. Utvikling av slaktevekter for kalvar og 1,5 år gamle dyr for region Vestland Sør i perioden 1992 – 2021. Alle vekter er datokorrigert til 1. oktober.

I takt med bestandsauken frå 1980-talet og framover, har slaktevektene for kalvar og ungdyr gått ned. Utviklinga er i stor grad lik i dei andre overvåkingsregionane på Vestlandet. Slaktevektene for kalvar og ungdyr aukar gjennom jakttida og vektene her er korrigert til 1 oktober.

Kondisjonen/holdet til dyra har og blitt dårlegare – ein har mindre robuste dyr, med dårlegare overlevingsevne dersom ein skulle få ein vinter med mykje snø. Dette gjer bestandane meir ustabile og varierende med ulik vinteroverleving og reproduksjon mellom år.

2.1.2 Reproduksjonsevna i hjortebestandane

Reproduksjonsevna i bestandane har og gått ned i takt med vektreduksjonen då andelen 1,5 år gamle hodyr som kjem i brunst og får fram kalvar som 2-åringar er sterkt redusert. Dette er direkte vekt-/kondisjonsavhengig. For region Vestland nord, som er mest nærliggande å samanlikne med her, inngår i dag areala i Kinn kommune som ligg i tidlegare Flora kommune. I dette området har det i lengre tid vore under 20 % av dei 1,5 år gamle kollene som går i brunst.

Ein del hodyr med låg vekt/dårleg kondisjon tek heller ikkje kalv som 2,5 åringar. Ungdyra utgjør ein stor del av bestanden og dette påverkar såleis den totale produksjonsevna i bestanden negativt då ein må ha fleire dyr for å produsere ei viss mengde kalvar samanlikna med ein bestand der ein større del av hodyra produserer kalv.

Forutan at små kalvar er dårlegare rusta for å kunne klare fyrste vinteren, som mange stader tidvis kan vere eit nålauge, vil desse små kalvane heller aldri kunne vekse seg store. Dei vil forbli små - både som ungdyr og vidare utover i livet. Små dyr fostrar vanlegvis små kalvar, men her kan alderen til ein viss grad kompensere noko då eldre koller fostrar større kalvar enn yngre koller. Alderen på dei vaksne hodyra i bestanden er såleis med å påverke overlevinga hjå kalvane og vekter på kalvar og ungdyr. I ein bestand med høg gjennomsnittsalder på kollene og såleis med det ein stor del produktive koller, kan ein ved låg tettleik produsere fleire avkom enn ein hjortebestand med lågare gjennomsnittsalder.



Små koller må gjerne verte 3 år før dei kan få sin første kalv. Foto: Jon Anders Stavang.

2.1.3 Alderen til dyra i hjortebestandane

NINA har med bakgrunn i det innsamla materialet i Overvakingsprogrammet sett på utfordringar i høve framtidig forvaltning av hjortebestandane på Vestlandet (NINA Rapport 571). Dei har då m.o.a. freista å rekonstruere korleis hjortebestandane i dei ulike regionane såg ut før jakt i 2006.

Tabell 1. Tal bukkar og koller og gjennomsnittsalder for dyr 2 år og eldre i dei rekonstruerte bestandane i overvakingsregionane på Vestlandet og i Trøndelag.

Overvakingsområde	Gj.sn. alder koller	Tal koller i bestand	Gj.sn. alder bukkar	Tal bukk i bestand
Vestland sør	5,0 år	2334	3,4 år	633
Vestland nord	5,2 år	2562	3,0 år	693
Trøndelag	5,2 år	1352	3,0 år	431

Utifrå dette har dei m.o.a. berekna gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra (2 år og eldre) i bestandane. Ein reknar at hodyr i alder mellom 5 og 16 – 17 år er dei beste produksjonsdyra og at tilstrekkeleg med store hanndyr i alder ca. 5 – 13 år er viktige i høve brunst og reproduksjon. Som Tabell 1 syner så var gjennomsnittsalderen i høve dette låg.

2.2 Årsaker til reduksjon av vekt og kondisjon

Det er ei rekkje tilhøve som kan påverke slaktevektene til kalvane, som og dermed er avgjerande for kor store dei vert som vaksne dyr. Både beitekvalitet, beitekonkurranse, kalvingstidspunkt og alderen på dei vaksne dyra i bestanden spelar inn her.

2.2.1 Beitekonkurranse


Auka konkurranse om den beste og mest næringsrike maten er ein vanleg årsak til at auka bestandstettleik medfører reduserte kroppsvektar for hjort og andre gras/plante-etande dyr. Vinterbeitet handlar for mange berre om å overleve med minst mogleg tap av kroppsvekt, mens det er i vekstsesongen på sommarhalvåret dyra veks og legg opp opplagsnæring til å tære på gjennom vinteren. Det er såleis sommarbeitet som er avgjerande for kroppsstorleiken og kondisjonen til dyra. Ved aukande bestandstettleik vert det konkurranse om dei mest næringsrike og attraktive beiteplantane. Dette betyr ikkje at dyra går rundt og svelt, men at dei får tilgang til mindre av dei mest verdfulle beiteplantane og fylgjeleg ikkje oppnår så god vekt/kondisjon som dei kunne ha gjort.

2.2.2 Alderen til produksjonsdyra

I høve kalvevektene er det ikkje berre bestandstettleiken og beitekonkurranse som spelar inn, men kalvingstidspunktet er og avgjerande for vektutviklinga til kalvane. Tidleg kalving vert rekna som ein stor fordel då kalvane får med seg meir av den produktive tida, med høgt proteininnhald i vegetasjonen, tidleg på sommaren.

Store og eldre koller i god kondisjon kjem tidleg i brunst og før oftast fram store kalvar som vert kalva tidleg. Dette har stor betyding for vektutviklinga til kalvane og dermed og kor store dei vert som vaksne. Koller som vert para seint kan kompensere for dette ved å korte ned drektigheitstida noko. Dette inneber då ofte mindre og svakare kalvar som likevel vert fødde seint, og er såleis enno mindre positivt i høve vektutviklinga.

Å ha tilstrekkeleg med vaksne hanndyr i bestanden har og verknad for kalvevektene. Brøling og anna brunstaktivitet til dei eldre bukkane er med på å framskande og synkronisere brunsten hjå kollene. For kvar eggøysing, har ein ca. eit døger kor kolla kan bedekkast. Om ho ikkje vert para i løpet av dette døgeret, kan ho gå i brunst igjen ca. 18 dagar etterpå. Dette inneber seinare paring som er avgjerande for kalvevektene. Godt vaksne hanndyr som har samla seg eit harem som dei fylgjer, har erfaring og vil kunne pare kollene når dei er klare. Kollene er og primært ute etter å pare seg med store og dominerande bukkar. Mangel på vaksne bukkar reknar ein difor som ein mogleg årsak til at koller ikkje vert para ved fyrste brunst, og at ein difor får seinare paring og kortare vekstperiode totalt for kalven.



Figur 2. Gjennomsnittsalder for felte hann- og hodyr 2 år og eldre, og prosentandel kalv og ungdyr i jaktuttaket frå tidlegare Flora kommune, som no utgjør overvakingsregion Vestland nord.

Bukkar har i Flora, som elles på vestlandet, tidlegare utgjort ein for stor del av det samla jaktuttaket. Over tid har hanndyr samla og særleg bukkar utgjort ein minkande del av det samla jaktuttaket og dei siste åra har denne kategorien utgjort kring 15 %. I lag med at kalv og ungdyr har utgjort ein aukande del av jaktuttaket ser ein auke i gjennomsnittsalderen for felte dyr som er 2 år og eldre. Gjennomsnittsalderen, særleg for hanndyr, er framleis låg i tillegg til at det framleis er for få hanndyr i høve hodyr.



Det er blitt fleire bukkar, men vaksen bukk er det enno svært få av. Dette har negative effektar for brunstavgjinga. Foto: Johan Trygve Solheim.

3 Skader på jordbruksareal, skog, hagebruk m.v.

Hjorten si beiting påverkar vegetasjonen og naturgrunnlaget og med det næringsinteresser som jord-, skog- og hagebruk. Skade i private hagar og på gravplassar, parkar o.l. kan og einskilde stader vere eit problem. Kollisjonar med hjort er og mange stader ei samfunnsøkonomisk og dyrevelferdsmessig utfordring – særleg i områder med mykje trafikk. Beiting av hjort på jordbruksareal og skog kan medføre betydeleg økonomiske tap for brukarane. Omfanget av dette avheng av det lokale beitepresset, avlingstype og alder på skogen. Det økonomiske tapet er størst i meir intensive jordbruksproduksjonar som frukt og frilandsgrønsaker. I utsette områder kan hjorten og gje betydeleg redusert avling i grasproduksjonen.

3.1 Beiteskadar på jordbruksareal

Innmarksareala utgjer mange stader viktige beiteområde for hjorten, særskilt vår og haust. Beitepresset er oftast størst i typiske vinterbeiteområde der det står mykje dyr frå hausten av og til vårtrekket startar i byrjinga av mai. I slike område, med lite snø, der hjorten kjem til på enga gjennom vinteren kan tapet bli særskilt stort då den beitar graset så hardt ned at mykje av dei beste og mest næringsrike grasslaga raskt går ut. Dette vert erstatta av meir beiteterke artar med lågare fôrverdi og produksjon, noko som medfører at enga må fornyast oftare om ein skal oppretthalde ein høg fôrproduksjon. I slike område kan det, om det også vert beita gjennom vekstsesongen, vere snakk om eit avlingstap på opptil 40 %. Forureining av hausta fôr med hjorteavføring som vert med i fôret under haustinga kan og vere eit problem der hjorten beitar på innmark om sommaren.

For å avgrense skadar på m.o.a. landbruksproduksjon kan ein med heimel i Naturmangfoldloven § 18 gje løyve til å ta ut einskildindivid, ved såkalla «skadefellingsløyve». Då det ofte er koller som etablerer eit slikt beitemønster må ein og ta omsyn til at dei kan ha kalv. Løyve til slikt uttak for koller kan difor ikkje gjevast før kalvane tek til å fylgje mora på beite. Nokre stader ser ein og at bukkeflokkar legg seg til eit beitemønster der dei «okkuperer» innmarksareal og beiter fast der. Sidan hjortejakta startar 1. september, når det endå er vekstsesong, vil ein og innanfor ordinær jakttid klare å få vekk slike dyr om ein prioriterer dette fyrst i jakta.

For å halde hjorten vekk frå landbruksproduksjonen er det einaste effektive tiltaket hjortegjerde. Dette er eit relativt kostbart tiltak, men kan i utsette område likevel vere ei god investering. Det

kommunale viltfondet kan nyttast til å gje tilskot til tiltak for å førebyggje beiteskadar av hjort på landbruksproduksjonar.

Ved samarbeid gjennom bestandsplanar for større område kan fellingsløyva nyttast i heile bestandsplanområdet. Det vil seie at eit område med mange fellingsløyve og dårleg utteljing kan nytte fellingsløyva i områder med tettare bestandar og eventuelle beiteskadar.

3.2 Beiteskadar på skog

For skog er det i hovudsak 2 typar skader som medfører større økonomisk tap for skogeigaren. Dette gjeld borkgnaging på produksjonsskog (hogstklasse 3 og 4) av gran og knopp- og skotbeiting på ungsog (hogstklasse 2) av gran og furu.

Borkgnaging på gran medfører ofte roteskadar i områda med gnag og rotstokken ver øydelagt som sagtømmer. Trea vert og svekka av råteangrepet, noko som ofte kan medfører stammebrekk. Skotbeitinga på ungsog i hogstklasse 2 medfører sterkt redusert vekst og ved gjenteken hard skotbeiting kan det medføre at trea dør. Det er også eit problem mange stader at hjorten beitar i nyplantingar før plantene har fått rota seg og at dei vert dregne opp av jorda.

I høve skadar på skog er det vinterbeitelokalitetane som oftast er mest utsett, og ein del stader vil det etter hogst, med dagens tette hjortebestand vere vanskeleg å få etablert ny skog med brukande tettleik og kvalitet. Om dette er av betydeleg omfang for etablering av ny skog kan Skoglova leggje føringar for at hjortebestanden må reduserast.


3.3 Skadar i hagar m.v.

Mange stader kan det vere problem med hjort som oppheld seg i bustadområde og gjer skade i hagar og på gravplassar m.v.. Slike problem er ofte knytt til einskilde dyr som fort vert lite sky ovanfor folk og vanskelege å jage. Løysinga på problemet i dei fleste tilfelle er å ta ut slike dyr ved jakt eller skadefellingsløyve. Eit anna eventuelt tiltak er å setje opp gjerde rundt hagen. Dette gjerdet må være relativt høgt for å hindre hjorten i å hoppe over det – i hjorteoppdrett opererer ein med gjerder på minst 190 cm.

3.4 Påkøyningar

For å redusere talet påkøyningar er det ei rekkje tiltak som kan setjast i verk. Dette kan vere utvida ryddebelte langs vegane, eller ledegjerder for å styre kryssingane til meir oversiktlege vegstrekningar.

Det er vegvesenet som utfører sikringstiltak langs vegnettet medan det er kommunen som har ansvaret for å registrere påkøyringar. For at vegstyremaktene skal kunne styre slike tiltak der dei gjev best effekt er det difor viktig at alle påkøyringar vert registrert i Hjorteviltregisteret. Ved å nytte kartløysinga der kan vegstyremaktene ved eventuelle tiltak prioritere dei mest belasta strekningane/punkta.




Figur 3. Registrerte påkøyringar av hjort og rådyr i Sula kommune i perioden 01.01.2021 – 31.12.2025.


Klauesymbolet gjeld 1 påkøyring medan tala syner tal påkøyringar i kvart område. Zoomar ein vidare inn kan ein sjå eksakt posisjon for kvar påkøyring.

I Sula er det for perioden 2021 – 2025 (5 år) registrert 151 påkøyringar, fordelt på 95 påkøyringar av hjort og 56 påkøyringar av rådyr. Dette utgjør eit gjennomsnitt på 30 påkøyringar per år.

Påkøyringane er stort sett spreidd på dei fleste større vegane i kommunen, men med lokalt høgare frekvens enkelte stader (Figur 3).



Figur 4. Tal registrerte påkøyningar av hjort og tal felte hjort per år i perioden 2012-2025 i Sula kommune.




Figur 5. Tal registrerte påkøyningar av rådyr og tal felte rådyr per år i perioden 2012-2025 i Sula kommune.

Talet påkøyningar av hjortevilt vil i dei fleste tilfelle variere med bestandstettleiken. Hovudtyngda av påkøyningar skjer vår og haust og det er store årlege variasjonar som mest truleg skuldast varierende vêrtilhøve (snø, nedbør, sikt).



Figur 6. Prosentvis fordeling av påkøyringar av hjort og rådyr i Sula kommune på månadar i året i perioden 2012-2025.

Oktober-November er dei månadanane som her tydeleg peikar seg ut med flest påkøyringar (26% til saman), medan det er relativt få i sumarmånadanane. I tillegg har ein ein liten topp i påkøyringar i Mai (10%). Hovudvekta (43%) av påkøyringane hender på slutten av året (Figur 6). Denne fordelinga er relativt typisk, og ikkje veldig overraskande. Desse månadanane er prega av mørke og regntunge køyreforhold for førarane, og aktivitetar som brunst og hausttrekk for hjorten.




Figur 7. Prosentvis fordeling av påkøyringar av hjort og rådyr i Sula kommune gjennom døgnet i perioden 2012-2025.

Påkøyringane av hjort i Sula kommune fordeler seg med ein topp i timen 07:00 – 08:00 og ein topp like før midnatt (Figur 7). I timane rundt dei to toppane hender dei fleste påkøyringane. På morgonen (06:00-09:00) hender 23% av påkøyringane, og på kvelden (20:00-24:00) hender 24% av påkøyringane. Dette samanfell med skumringstimar/mørke periodar og periodar med meir trafikk til og frå jobb og til og frå kveldsaktivitetar – altså både med auka trafikk og dårlegare køyreforhold. Også her er fordelinga i stor grad lik som i andre områder.

4 Bestandsutvikling og status for hjort og rådyr


4.1 Fellingsstatistikk - hjort

4.1.1 Fellingsstatistikk 1986 - 2025



Figur 8. Total årleg avskyting av hjort i Sula kommune for åra 1986 – 2025. For året 2008 manglar det fellingstal i datamaterialet, så vi har plassert det midt mellom tala frå 2009 og 2010.

Hjortebestanden i kommunen har, som for resten av vestlandet, hatt ein kraftig vekst sidan byrjinga av 1990-talet. I nyare tid hadde ein ein topp i fellingstala i 2013, ein mindre reduksjon nokre år etter, og deretter auke. I 2025 vart det for kommunen samla felt 78 hjort, som er det meste som nokon gong er felt (Figur 8).




Figur 9. Tal tildelte løyver og felte hjort (venstre akse), og fellingsprosent (høgre akse) i Sula kommune for perioden 2013 – 2025.

Tal tildelte løyver har vore relativt stabilt frå 2013 til 2025. Tal felte hjort har i den same perioden auka, og ein har generelt hatt ein relativt høg og stigande fellingsprosent. Sidan 2018 har fellingsprosenten vore over 85% kvart år.


4.1.2 Fordeling av avskytinga

Vel så viktig for bestandsutviklinga som talet felte hjort er korleis avskytinga er fordelt på ulike kjønns- og aldersgrupper. Lenge har ein hatt ei avskyting som har vore lågare enn tilveksten og bestandane har vakse. Ein har då felt langt færre kalvar enn tilveksten samstundes som vaksne hanndyr har utgjort ein stor del av uttaket. Dette har medført bestandar med låg gjennomsnittsalder og ei stor overvekt av hodyr. Dette igjen har hatt verknad for vektutviklinga til dyra i bestandane, kor ein ser at slaktevektene for dei ulike årsklassane har gått ned i takt med bestandsauken. For å gjere bestandane meir stabile og robuste bør særskilt kalv utgjere ein langt større del av jaktuttaket enn tilrådingane tilsa før i tida.



Figur 10. Prosentvis andel kalv, spissbukk, fjorkolle og kalv og ungdyr samla av totalt jaktuttak i Sula kommune i perioden 2013 - 2025.


Andelen kalv i uttaket har slingra rundt 30% sidan 2013, og utgjorde for første gong i 2025 40% av det samla jaktuttaket. Andelen ungdyr i uttaket har vore relativt stabilt, men med noko variasjon mellom kjønn. Tidlegare vart det skote fleire spissbukkar enn fjorkoller, men sidan rundt 2017 har fordelinga på kjønn i ungdyrategorien vore meir lik. Likevel utgjør spissbukk oftare ein større del av uttaket enn fjorkolle (Figur 10). Om ein ser på gjennomsnittet dei siste fem åra, så har kalv utgjort 31,8%, fjorkolle har utgjort 11%, og spissbukk har utgjort 15%. Andelen kalv og ungdyr samla i totaluttaket er relativt stabilt, og i gjennomsnitt for dei siste fem åra har denne kategorien utgjort 57,8% av totaluttaket.



Figur 11. Prosentvis andel eldre bukk, eldre kolle og eldre dyr samla i jaktuttaket i Sula kommune i perioden 2013 – 2025.

Andel vaksne dyr i uttaket har, med årvisse variasjonar, vore stabilt sidan rundt 2016. Fordelinga mellom kjønn har vore varierende. Andelen vaksne bukkar i uttaket var i åra 2019-2022 på mellom 22% og 28%, men dette har vorte redusert dei siste 3 åra, samtidig som andelen vaksne koller i uttaket har auka dei siste 5-6 åra. I gjennomsnitt dei siste fem åra har eldre bukk utgjort 20,6%, eldre kolle 21,8% og eldre dyr samla 42,4% av totaluttaket.


4.1.3 Kjønnfordeling i jaktuttaket



Figur 12. Prosentvis kjønnsfordeling i det totale jaktuttaket i Sula kommune i perioden 2013 – 2025.

Resultat frå overvakingsprogrammet for hjortevilt syner at det lenge har vore alt for lite vaksne hanndyr i høve hodyr i hjortebestandane på vestlandet. Dette skuldast ei overvekt av hanndyr i høve hodyr i jaktuttaket over lang tid. For Sula så har ein jamt over hatt ei overvekt av hanndyr i uttaket, med unntak av 2017 og 2018, kor det var ei lita overvekt av hodyr, 2022, kor det var lik fordeling mellom kjønn, og 2025, kor ein skaut 57% hodyr og 43% hanndyr. Dei siste fem åra har ein i snitt skote 51,3% hanndyr og 48,7% hodyr.

4.1.4 Fordeling av avskytinga på kjønns- og aldersgrupper



Figur 13. Tal felte hjort fordelt på kjønns- og alderskategoriane (venstre akse) og tal felte hjort totalt (høgre akse) i Sula kommune i perioden 2013 - 2025.

Utifrå resultata frå overvåkingsprogrammet veit ein at gjennomsnittsalderen for dei vaksne dyra i bestandane, særleg hanndyr, har vore låg dei fleste stader (Tabell 1). Det beste tiltaket for å auke gjennomsnittsalderen er å auke andelen kalv (særleg) og ungdyr i jaktuttaket.

Størstedelen av den auka avskytinga i Sula dei seinare åra består av at ein har tatt ut fleire kalvar, samt i noko grad fleire hodyr. Dette er positivt for å auke gjennomsnittsalderen i bestanden. Effekten av å skyte fleire hodyr enn hanndyr er at ein får dreia kjønnsbalansen. Auken i andel hodyr i uttaket har vore liten, og ein skyt, med unntak av det siste året, fortsatt fleire hanndyr enn hodyr, så det er ikkje å forvente at ein skal kunne dreie kjønnsbalansen enno.

4.2 Sett Hjort

Sett hjort er styringsverktøyet ein har for å kunne sjå bestandsmessige endringar i hjorteforvaltninga. Dette går ut på at jegerane under jakta registrerer tidsbruk og det dei ser og feller av hjort. Utifrå det vert det rekna ut ulike indeksar som skal sei noko om bestandsutviklinga både i høve bestandsstorleik, kjønnsfordeling, reproduksjon og jakttrykk. Kor godt dette verktøyet er avheng av mengda og kvaliteten på registreringane. Sett hjort er ikkje eigna til å fange opp brå og lokale endringar, men meir til å sjå trendar i bestandsutviklinga for større område over noko tid.


Data vert registrert særskilt for innmark og utmark. Data frå sett hjort frå innmarksjakt syner seg å variere mykje einskilde år utan at det kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Ein reknar difor at data frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjonar. Sett hjort er eit statistisk verktøy og kvaliteten og presisjonen i indeksane aukar med auka datamengd/registreringar. Det er ved fleire tilfelle vist at ein bør ha fleire enn 1000 jegerdagar per år for at indeksane ikkje skal være for mykje påverka av tilfeldige avvik og feilregistreringar.

Det er difor viktig at alle jegerane registrerer data frå mest mogleg av den tida ein jaktar - både om ein ser eller feller noko **og om ein ikkje gjer det**. Fyrst då vil ein få eit best mogleg grunnlag for å vurdere bestandsendringar.

Sula kommune har registrert sett hjort sidan 2015. For kommunen finst det dessverre ikkje på langt nær nok observasjonar til å kunne seie noko sikkert, men vi tek likevel ein gjennomgang av indeksane. For at indeksane frå sett hjort skal gjenspegle den faktiske bestandsutviklinga i størst mogleg grad, er det vanleg å berre nytte data frå utmarksjakt. I dette tilfellet vurderer vi det slik at vi har meir å vinne på å ha med flest mogleg av dei observasjonane som er registrerte, så difor har vi valt å også inkludere data registrert ved innmarksjakt.


Bruk av termiske kikkertar for å lokalisere hjort har dei siste åra vorte meir og meir vanleg. Dette er med på å effektiviserer jakta, og gjer truleg at det vert observert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Kor utbreidd bruken av slike hjelpemiddel er varierer ein del. Vestland fylkeskommune har nyleg fått gjennomført ei undersøking kring bruken av dette og føring av observasjonar i sett hjort. Resultat frå denne undersøkinga tyder på at termiske hjelpemiddel er vanleg i mange jaktlag og at det vert observert og registrert fleire hjort dersom ein nyttar slike hjelpemiddel, enn det vert dersom ein ikkje gjer det. Dette påverkar indeksen for Sett hjort per jegerdag – ein vil sannsynlegvis få høgare verdiar med enn utan bruk av termiske hjelpemiddel.

4.2.1 Sett hjort per jegerdag



Figur 14. Sett hjort pr jegerdag (venstre akse) og tal felte hjort per år (høgre akse) i Sula kommune i perioden 2016-2025.

Indeksen for Sett hjort pr jegerdag gjev signal om endringar i bestandstettleiken. For Sula kommune har denne indeksen vore aukande frå 2019. Avskytinga har auka noko dei siste åra, men ikkje nok til at ein ser effekten av det i indeksen for sett hjort (Figur 14).




Figur 15. Indeksar for sett og felt hjort per jegerdag i Sula kommune for perioden 2016-2025.

Om ein ser på indeksane for sett hjort per jegerdag og felte hjort per jegerdag, så er begge aukande dei siste fem åra. Dette peikar mot at ein endå har ei bestandsauke i området (Figur 15).

Korleis bruken av termiske hjelpemiddel påverkar indeksane i dette tilfellet er vanskeleg å seie, men det er ikkje utelukka at den kan bidra til å kamuflere ei utflating i den faktiske bestandsveksten.


4.2.2 Sett kalv pr kolle



Figur 16. Tal kalvar som er observert per observerte kolle under jakt i utmark i Sula kommune i perioden 2016 - 2025.

Indeksen for sett kalv per kolle gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestanden. Dette avheng av kondisjonen og aldersfordelinga blant dei vaksne hodyra i bestanden. I dei fleste tilfelle vil det vere ynskjeleg med ein høg og stabil produksjon av kalvar. Det viktigaste kriteriet i så måte er høg gjennomsnittsalder og god kondisjon hjå dei vaksne dyra i bestanden. Indeksen er her, med litt årlege variasjon, stabil oppunder 0,6.

4.2.3 Sett Kolle pr. bukk




Figur 17. Tal koller observert per observert bukk (medrekna spissbukk) under jakt i Sula kommune i perioden 2016 - 2025.

Sett kolle pr. bukk gjev uttrykk for kjønnsfordelinga blant dei vaksne dyra i bestanden. De høgare indeksen er, de færre bukkar har ein i høve koller. Ein skal vere merksam på at indeksen ikkje speglar den reelle fordelinga i bestanden. Bukkane er meir synlege og let seg lettare observere slik at det i den verkelege bestanden sannsynlegvis er færre bukkar per kolle enn det indeksen tilseier.

Indeksen for sett kolle per bukk har for Sula kommune variert ein del dei siste ti åra. Rundt 2016 låg ein på eit brukbart nivå, men sidan då har verdien auka til rundt 2,5 koller per bukk. Det er naturleg å sjå dette i samband med kjønnsfordelinga i uttaket, då det jamt over vert skote hakket meir hanndyr enn hodyr i Sula kommune. Verdiane varierer mykje mellom åra, noko som sannsynlegvis har samband med datamengda. Vi oppmodar difor å fokusere på trendlina, og på trendar over tid.

4.2.4 Sett spissbukk per bukk



Figur 18. Tal spissbukkar observert per observasjon av eldre bukk under jakt i Sula kommune i perioden 2016 - 2025.

Indeksen for sett spissbukk per bukk gjev indikasjonar på endringar i aldersstrukturen til hanndyra i bestanden. Reduksjon av indeks tilseier at det vert fleire eldre hanndyr i høve spissbukk og dermed og aukande gjennomsnittsalder.

Trenden (stipla line) for indeksen for sett spissbukk per bukk tilseier at ein frå 2016 og framover har hatt ein nedgang i gjennomsnittsalder hjå hanndyra. Det er også her stor variasjon mellom enkeltår, og like viktig å sjå på trenden over tid som det er for sett kolle per bukk.


4.3 Slaktevekter kalvar og ungdyr - hjort

Utviklinga av gjennomsnittlege slaktevekter for dyr av ulike aldrar over tid kan gje signal om endringar i desse og dermed kondisjonen/haldet til dyra i bestandane.

Jegerane i Sula har registrert slaktevekter for felte dyr i hjorteviltregisteret, kvart år, sidan 2017. For 2017 er gjennomsnittsvekta for fjorkoller oppgitt til 54,8 kg – 10 kg høgare enn det ein skulle tru når ein ser på verdiane for åra 2018 – 2025. Dette er ganske sikkert feil, og vi har derfor valt å bruke data frå åra 2018 – 2025 for å sjå på vektene for ungdyra. Då dei eldre dyra ikkje er aldersbestemte vil vektene til desse vere meir usikre å nytte. Ein ser her difor på utviklinga av gjennomsnittlege slaktevekter for kalvar og ungdyr (1,5 år) som lett kan aldersbestemast utifrå tannsettet. Utifrå

varierende kvalitet på beitetilhøve kan vektene variere noko frå år til år og utifrå dette må ein difor sjå på trendane over tid.

4.3.1 Slaktevekter for kalvar



Figur 19. Gjennomsnittleg slaktevekt for felte hann- og hokalvar i Sula kommune i perioden 2016-2025.

Grunna låg datamengd, har ein relativt stor variasjon mellom år når det kjem til slaktevekter. Hjø hannkalvane ser ein antydning til aukande slaktevekter, medan ein for hokalvar ser ut til å ha hatt ei auke fram til 2020, for så å få reduserte vektor. Slaktevektene her er høgare enn det ein har i overvaksingsregionen Vestland sør (Figur 19, Figur 1).


4.3.2 Slaktevekter for ungdyr



Figur 20. Gjennomsnittleg slaktevekt for felte ungdyr (1,5 år) i Sula kommune i perioden 2017-2025.

Som for kalvar så varierer vektene på ungdyra mykje mellom år. Vektene er relativt stabile, men har gått opp med ca. ein halv kilo for fjorkollene, og ned med omtrent det same for spissbukkane. Også for denne aldersklassen er vektene noko høgare enn i overvåkingsregionen Vestland Sør (Figur 20, Figur 1).


4.5 Fellingsstatistikk – rådyr



Figur 22. Tal felte rådyr fordelt på kjønn og aldersklasser i Sula kommune i perioden 2013 – 2025.

Ein har, over dei siste 13 åra, hatt ei generell auke i tal felte rådyr, trass toppar og dalar mellom år (Figur 5; Figur 22). Dei siste fem åra har ein i snitt skote 14,6% kalvar (71,4% hann, 28,6% ho), 20,8% geiter, og 64,6% bukkar. Fordelt på kjønn ligg prosentane på 75% hanndyr og 25% hodyr i snitt dei siste fem åra.

4.6 Slaktevekte - rådyr



Figur 23. Gjennomsnittleg slaktevekt for felte rådyr i Sula kommune i perioden 2018 – 2025.

Det er registrert slaktevekter for rådyr frå 2018 og framover. I perioden 2018-2025 er 47 av 70 felte rådyr registrert med slaktevekt. Oppslutninga er best for felte bukkar, medan kalvar i mindre grad har vore registrert med slaktevekt.

Spesielt for kalvar er vektene vist å være lågare ved høgare tettleik. Det vil seie at å registrere slaktevekt for kalvar vil være eit viktig tiltak for å få indikasjonar på korleis helsa til bestanden er. Ut frå dei registrerte slaktevektene til rådyra felt i Sula, ser ein at slaktevektene for kalvar er relativt stabile. Dette kan tyde på at ein ikkje har ein for høg tettleik. I denne samanhengen er det viktig å poengtere at datamaterialet er så begrensa at det er lite å hente frå det – i beste fall kan det gi indikasjonar på korleis ting ligg an.

4.7 Rådyr i urbane områder

Sula har utfordringar knytt til rådyr i dei meir tettbygde områda rundt Fiskarstranda – kor dei fleste påkøyrslane av rådyr finn stad. Konfliktnivået verkar derimot generelt å være relativt lågt. Som eksempel kan nemnast at i ei spørjeundersøking gjennomført i Moss kommune etter 2020, opplyste nesten 68,5% av respondentane at dei hadde rådyr i hagen sin fleire gongar i veka. 76% av respondentane opplevde at rådyra beita på blomster og busker. Likevel svarte 52,8% at dei ikkje såg på rådyrbestanden som eit problem. Resten av svara fordelte seg på «det er eit lite problem»(18,1%), «Ja, det er eit problem»(16,9%), og «Ja, det er eit veldig stort problem»(12,2%).

Sjølv om det for mange er triveleg med rådyr i nærmiljøet, kan det i enkelte tilfelle være formålstenleg med ekstraordinære fellingar. Dette vert i så tilfelle organisert av/i regi av kommunen.

4.8 Refleksjonar rundt bestandsutvikling og status

4.8.1 Hjort

Jaktuttaket har vore relativt stabilt, men med noko auke, dei siste 10 åra. Fellingstala og data frå sett hjort peikar mot at ein enno opplever bestandsvekst i Sula kommune. Tilbakemeldingane frå jegerar fleire stader elles på vestlandet tilseier at det har blitt færre hjort jamt over, men kor mykje bestanden på regionsnivå eventuelt er redusert er vanskeleg å talfeste, blant anna fordi vi ikkje heilt har oversikt over korleis bruken av termiske hjelpemiddel påverkar indeksane frå sett hjort. For Sula kommune tolkar vi indeksane som er tilgjengelege til at ein ikkje deler denne utviklinga.

Reduksjon av hjortetettleiken har over nokre år vore eit mål med høg oppslutning – blant både myndigheiter, jegerar, bønder og skogeigarar. Trass dette verkar stemninga i ein del hjortejegermiljø no å dra mot at ein er redde for at vi er på veg mot for lite hjort. Det er i denne samanheng viktig å poengtere at hjorten ikkje fordeler seg jamt i landskapet, og at ved reduksjon i tettleik sett over eit større område, vil reduksjonen i stor grad variere lokalt. Nokre stader ser ein no mykje færre hjort enn før, medan ein andre stader ser like mykje som før – eller til og med meir. Det er lett å få kalde føter, og tru at ein no må dra i bremsen kva gjeld avskytinga. Samtidig tilseier erfaringa at ein ofte undervurderer kor mykje hjort det er i bestandane og at det ofte er ei større overvekt av hodyr enn det ein trur. I Sula ser det, som beskrive over, ut til at ein enno har vekst i bestanden. Dersom ein ikkje aukar kvotene, og/eller tek ut fleire vaksne hodyr, er det å forvente at bestanden vil fortsette å vokse.

I høve kjønnsbalansen i hjortebestanden, så viser indeksen for sett kolle per bukk (Figur 17) at kjønnsbalansen er skeiv, og vert skeivare og skeivare. Ein har dei siste 5 åra lege på ei fordeling på 51% hanndyr og 49% hodyr i uttaket, men med svingingar mellom år (Figur 12). Stort sett har det vore skote ein del meir hanndyr enn hodyr, så at fordelinga siste fem åra er såpass lik, er i stor grad påverka av at ein i 2025 hadde ei større overvekt av hodyr i uttaket. Over lengre tid er nok fordelinga på kjønn skeivare. Det er då ikkje overraskande at kjønnsbalansen i den levande bestanden ser ut til å bli skeivare for kvart år. Indeksen for sett kolle per bukk ligg no på 2,5 – som peikar mot ein veldig skeiv kjønnsbalanse. Erfaring tilseier at oppdagbarheita er høgare for bukkar enn for koller, og at kjønnsbalansen i den levande bestanden i realiteten er endå skeivare enn det indeksen tilseier. Vi tolkar det slik at ein i Sula kommune på skrivande tidspunkt har mykje å gå på når det kjem til kjønnsbalansen i bestanden. Ein bør derfor i åra framover søkje å ha ei større overvekt av hodyr i uttaket for å betre balansen.

Kalv har utgjort ein stabil, og svakt aukande del av uttaket (~ 32 % siste fem åra) ein del år (Figur 10). Det har samtidig eldre hanndyr, om enn noko minkande dei siste åra (Figur 11; Figur 13). Indeksen sett spissbukk per eldre bukk (Figur 18) syner at ein ser fleire spissbukkar per eldre bukk, noko som peikar mot at gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden generelt går nedover. Dette bør betrast gjennom å ha eit lågare uttak av eldre hanndyr.


Sjølv om slaktevektene for kalv og ungdyr i hjortebestanden, med nokre unntak, no synest å vere rimeleg stabile (Figur 19; Figur 20), og for hannkalv til og med noko aukande, er dei utifrå data frå Overvakingsprogrammet (Figur 1) truleg redusert ein god del i samband med bestandsveksten sidan 1990-talet. Slaktevektene for spissbukk og for hokalv viser enno ein svak nedgang. Endringar i bestandsstorleik vil ein ikkje sjå igjen i slaktevektene før det har gått nokre år, fordi ein mange stader

har hatt ein så stor bestand, og så høgt beitetrykk, at beiteplantane treng tid til å komme seg igjen. Det er altså ein trend som det tek tid å snu.

4.8.2 Rådyr

Bestandstettleiken til rådyra svingar naturleg mykje. Ved harde vintrar dør til dels store delar av bestanden, men samtidig har rådyra evne til å auke i tettleik veldig fort, spesielt i områder med låg predasjon. Som eksempel kan nemnast at ved fredning og fråvær av predasjon, auka tettleiken av rådyr på øya Storfosna frå 10 til over 40 rådyr/km² i løpet av åra 1991-1994. Produksjonen, målt i tal fødte kje per geit, var den same ved låg og høg tettleik for eldre geiter, men vart lågare ved høgare tettleik for unge geiter. I tillegg auka delen kje som døydde i løpet av sommaren frå 9,5% til ~20%. Dette vil i praksis seie at ein ved lågare tettleikar vil få med seg, prosentvis, fleire kje inn i jaktseasonen.

Rådyra har, i motsetning til hjorten, revir – dei har sine faste område som dei forsvarar mot inntrengjarar. Ein annan forskjell er at rådyrgeita berre har ei egglysing per år, i motsetnad til hjortekollene som får ei ny egglysing etter i underkant av tre veker, dersom ho ikkje vert para ved den første. Dette har truleg bidrege til at rådyrgeitene også har såkalla «brunstekskursjonar», kor dei noko tid før egglysinga reiser ut frå sitt normale leveområde for å finne ein «ledig» bukk. Dei fleste geitene i Noreg vert såleis para, trass eit veldig kort brunstvindaug. Dersom produksjonen aleine er fokuset, kan ein såleis argumentere for at ein klarer seg med langt færre bukkar enn geiter. Det er då viktig å hugse på at ein treng ei viss utveksling av genetikk i ein bestand. Ved å sørge for at ein har eit godt utval av bukkar i live, gir ein geitene fleire val i brunstekskursjonane sine, og dermed har ein også betre føresetnader for at geitene veljer «rett bukk» trass eit veldig kort brunstvindaug kvart år.



Figur 24. Alders- og kjønnsamansetning i rådyrbestanden som blei tatt ut ved Kalø viltbiologiske station i 1950 (Kjelde: Johs. Andersen, 1953).

Data frå eit studie ved Kalø viltbiologiske station i Danmark, kor dei i 1950 skaut ut heile rådyrbestanden på eigedomen, viste at bestanden bestod av 42,7% årskälvar, 21,6% bukkar og 35,7% geiter. Blant årskälvane var det lik fordeling mellom kjønna, medan det for alle eldre årsklasser var ei overvekt av hodyr. I tillegg auka andelen geiter i kvar årsklasse de eldre dyra vart. Forskjellen i tal individ mellom årskälvar og 1-2 åringar peikar også mot ein betydeleg døydelegheit blant årskälvar (Figur 24). Denne bestanden hadde ikkje tidlegare vore jakta på, så ein reknar dette som eit eksempel på alders- og kjønnsfordelinga i ein bestand utan jakt og utan store rovdyr.

Fordelinga på alder og kjønn i den levande bestanden av rådyr i Sula kommune finst det ikkje estimat for, men det ein veit er at det i lang tid har vore overvekt av vaksne hanndyr i jaktuttaket, og at kjea representerer ei underbeskatta klasse (Figur 22; Figur 23). Denne skeivfordelinga kan potensielt være i strid med den nye hjorteviltstrategien sin visjon, og ho er ønskeleg å gjere noko med.

I områder med stabilt nærvær av gaupe har predasjon frå denne vore den vanlegaste naturlege dødsårsaka for rådyr. I Sula kommune opptre gaupa sporadisk, men ho er ikkje så vanleg at ein reknar predasjon frå ho som ein viktig faktor i rådyrforvaltninga (Personleg kommunikasjon, lokal rovviltkontakt). I dette området dør nok fleire rådyr i trafikken, samt som kje til raudrev, enn til gaupa. Problematikken knytt til påkøytingar av rådyr er noko aukande i Sula kommune (Figur 5). Ein vil freiste å finne løysingar på dette – og å ta omsyn til det i komande prosjekt.

Heilheitsinntrykket av det vesle vi har av tilgjengeleg data tilseier at det er vekst i rådyrbestanden i Sula kommune. Avskytinga viser stor overvekt av hanndyr i uttaket, som nok har bidrege til veksten (Figur 22; Figur 23). Med relativt høge, og aukande, tal påkøyrslar, og problematikk knytt til rådyr i trafikken og i tettbygde strøk, så er det ønskjeleg å gjere noko med tettleiken gjennom å dreie avskytinga mot å skyte fleire geiter og færre bukkar enn før. Samtidig er potensialet stort for å skyte langt fleire kje enn tidlegare. Dette bør tilpassast lokalt – i områder som ligg i nærleiken av Fiskarstrand og dei andre tettbygde strøka er det ønskeleg med ein lågare tettleik enn i meir rurale strøk. **Bestandsplanane skal difor inkludere ein avskytingsstrategi for rådyr** med fokus på betre kjønns- og aldersbalanse i uttaket (les detaljar i mål-kapittelet lenger nede).

4.8.3 Konflikter mellom hjortevilt og menneske

Beiteskadar av hjort og rådyr i land- og skogbruksnæringane medfører økonomisk tap av betydeleg storleik for mange bønder og skogeigarar.

Påkøyringar av hjort og rådyr medfører lidningar for dyra og samfunnsmessige kostnader av vesentleg betyding. Dette gjeld materielle skadar på køyretøy og personskeidar samt kostnader med ettersøk og avliving av dei skadde dyra. I Sula kommune har talet påkøyrde hjort hatt ei eksponensiell auke dei siste åra (Figur 4).

5 Organisering, valdstruktur og områdebruk

For å kunne drive ei målretta bestandsforvaltning er det viktig at jaktrettshavarane er organisert i store nok og godt avgrensa einingar i høve årsleveområda til dei «lokale hjortebestandane». Denne organiseringa kan anten vere som vald eller at vald samarbeider om bestandsplanar ved å organisere seg i Bestandsplanområde.

5.1 Dagens valdstruktur og organisering

I Sula er det i dag 1 aktivt vald, Sula hjorteviltvald, med teljande areal på 29.825 daa. Det er ikkje organisert noko bestandsplanområde, men Sula hjorteviltvald har tildeling etter bestandsplan, og såleis er 100% av løyvene i kommunen delt ut som frie løyver etter bestandsplan. Dette er positivt.

6 Forvaltningsmål og tiltak for hjort

6.1 Hovudmål

Hjorten er ein viktig utmarksressurs i Sula kommune. Bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar (rekreasjon), matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal og sikre robuste bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi og omsynet til dyrevelferd.

6.2 Delmål

6.2.1 Oppretthalde bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane

Forvaltninga av hjort i kommunen skal i hovudsak gjerast gjennom bestandsplan, slik som det vert gjort på skrivande tidspunkt.

6.2.2 Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar i høve andre interesser

Kommunen skal gjennomføre si forvaltning basert på best mogleg kunnskapsgrunnlag. Det skal leggjast vekt på å redusere arealbrukskonfliktar i høve:

- Skadar på jordbruksareal/avlingar og skog
- Påkøyringar/kollisjonar mellom hjort og motorkøytøy

Redusert bestandsstorleik vil redusere skadeomfanget på landbruksnæringane om mykje av reduksjonen vert gjort i utsette område. Reduserte bestandar vil og oftast medføre færre påkøyringar. Utifrå data frå hjorteviltregisteret er det i Sula kommune grunnlag for å redusere bestandstettleiken.

6.2.3 Vidare reduksjon av bestanden

Både fellingstal, Sett hjort og tilbakemeldingar tyder på at veksten i hjortebestanden, på regionsnivå, har begynt å stagnere. I takt med bestandsveksten har slaktevektene til dyra, på regionsnivå, vore minkande, noko som er uheldig i høve kondisjon, overleving og reproduksjon. Med ein betra kjønns-

og aldersstruktur i vinterbestanden vil ein framover kunne hauste meir enn ein kunne på tilsvarande bestandsstorleik før veksten. Ein har ikkje eksakte tal for bestandsstorleiken og det er vanskeleg å setje nokre konkrete og målbare mål for omfanget av reduksjonen. Likevel vil ein freiste å redusere bestanden dei neste åra, då det vil være det beste for helsa til hjortebestanden – i tråd med hjorteviltstrategien sin visjon om å bygge robuste bestandar. Samtidig er det veldig lett å auke tettleiken igjen, dersom ein endar opp på ein tettleik som ein meiner er for låg.

Indeksen for Sett hjort per jegerdag bør nyttast aktivt for å fylgje endringar i bestandsstorleik dei neste åra.

6.2.4 Auke delen eldre hanndyr i bestanden

Grunna ei overvekt av hanndyr i jaktuttaket over tid er det lite vaksne hanndyr (5 år +) i dagens hjortebestandar på vestlandet. I Sula kommune ser ein det same (Figur 17, Figur 18), og her har ein rom for betring. Dei vaksne bukkane har viktige funksjonar i høve brunstaktivitet, som i sin tur påverkar lengda på kalven sin første vekstsesong og dermed og vektutviklinga til dyra i bestanden.

6.2.5 Auke gjennomsnittsalder til dyra i bestanden

Grunna låg gjennomsnittsalder blant dei vaksne dyra i bestandane på vestlandet er reproduksjonsevna låg i høve det den kan vere. Gjennom vinteren før ein difor på ein stor del «uproduktive» dyr som må konkurrere med produksjonsdyra om avgrensa matressursar. Ved å redusere bestanden med eit auka totaluttak gjennom å ta ut meir kalv og ungdyr vil ein redusere vinterbestanden samstundes som gjennomsnittsalderen til dyra i vinterbestanden aukar. Dette vil gje ein mindre, men meir stabil og robust bestand, med ei høgare reproduksjonsevne. Såleis vil ein i framtida kunne hauste eit høgt tal dyr, sjølv om tettleiken vert redusert. Eldre koller (5 år+) går tidlegare i brunst enn unge koller og før større kalvar som vert kalva tidlegare. Dette er viktig for vekt- og kondisjonsutviklinga til dyra i bestanden. Målet er difor å auke gjennomsnittsalderen hjå dei vaksne dyra i bestanden – både hann- og hodyr.

6.2.6 Sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon

Dyr skal handsamast godt og ikkje utsetjast for unødige påkjenningar og lidingar. Reduserte slaktevektar og kondisjon medfører m.o.a. større vinterdødelegheit, meir svelting og større lidingar for dyra. Av omsynet til dyrevelferda er det difor eit mål å auke slaktevektene.

6.3 Tiltak for å nå måla for hjorteforvaltninga

6.3.1 Oppretthalde bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane

I Sula kommune vert alle løyver tildelt som frie dyr gjennom bestandsplanen til Sula hjorteviltvald. Dermed kan ein seie at ein allereie er i mål med dette delmålet. Samtidig er det viktig å oppretthalde dette, og å støtte opp under. Vi vel difor å halde på dette målet i den nye planperioden.

Kommunen skal støtte arbeid med samarbeid, organisering og bestandsplanar med tilskot frå det kommunale viltfondet.

6.3.2 Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert

Sett hjort er det beste verktøyet ein i dag har for å kunne sjå bestandsmessige endringar. For at dette verktøyet skal vere best mogleg er ein avhengig av at det vert registrert mest mogleg data frå jakta, og at det vert registrert på rett måte. Det inngår derfor som eit tiltak at det skal registrerast frå all jakt, særleg utmarksjakt, og at det vert registrert også dei dagane ein ikkje skyt/ser noko. Det er også eit viktig poeng at ein set seg inn i instruksen rundt korleis ein fører sett hjort, og at ein fører etter den «nye» instruksen som kom i 2018.

Avskytingsmønster og bestandsutvikling har stort sett vore likt over heile vestlandet sidan byrjinga av 90-talet då *Overvakingsprogrammet for hjortevilt* starta. Data frå overvakingsregionane på vestlandet er difor relevante og kan og bør nyttast i beslutningstakinga også i Sula kommune.

6.3.3 Redusere omfanget av arealbrukskonflikter i høve andre interesser

Alle rapporterte påkøyringar skal registrerast i Hjorteviltregisteret. Samarbeid med vegmyndigheitene for, om mogleg, å få sett i verk tiltak på utsette strekningar skal prioriterast.

Vinterbestanden skal på sikt stabiliserast ved ein langt lågare tettleik enn tidlegare – dette vil være fordelaktig for jord- og skogbruk, samt med tanke på påkøyringar.

6.3.4 Auke delen eldre hanndyr i bestanden

Kalv skal utgjere ein stor del av jaktuttaket, samstundes som ein skal ha ei overvekt av hodyr i det samla jaktuttaket.

6.3.5 Auke gjennomsnittsalder til dyra i bestanden

For å auke snittalderen i den levande bestanden er det ønskeleg å auke delen kalv og ungdyr i uttaket.

Det skal gjennomførast årlege vurderingar av status på om forvaltninga er i tråd med mål og tiltak.

6.3.6 Sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon

Ved å redusere bestanden, sørgje for ein større del vaksne hanndyr i bestanden og å auke gjennomsnittsalderen vil ein leggje eit godt grunnlag for å kunne betre vekt og kondisjon til dyra i bestanden, og såleis byggje opp ein robust bestand som er best mogleg skikka til å møte utfordringane som følgjer med klimaendringar, auka parasittpress m.v. i framtida.

7 Forvaltningsmål og tiltak for rådyr

7.1 Hovudmål

Rådyra i Sula kommune skal forvaltast på ein bevisst måte mot betre bestandsstruktur og mot eit lågt konfliktnivå i høve andre interesser, men mest av alt for dyra sjølve og bestanden sitt eige beste.

7.2 Delmål og tiltak

7.2.1 Ein skal ha ei meir gjennomført forvaltning av rådyr

- Alle bestandsplanar skal innehalde avskytingsplan for rådyr
- Alle felte rådyr skal registrerast med kjønn, alderskategori og slaktevekt

7.2.2 Ein skal ha ein betre struktur i bestanden – alder og kjønn

- Ein skal betre kjønnsbalansen i uttaket – mot ei likare fordeling mellom kjønna i uttaket.
- Ein skal betre aldersbalansen i uttaket – Kje bør utgjere ein større del av uttaket enn det har gjort til no.

7.2.3 Ein skal halde konfliktnivå knytt til rådyr i tettbygde strøk, hagar og trafikk på eit akseptabelt nivå

- Om nødvendig kan ekstraordinære fellingar av enkeltindivid av rådyr i regi av kommunen bli aktuelt.
- Alle påkøyringar av rådyr skal registrerast i fallviltregisteret.
- I samband med arbeid på vegnettet skal risikoen for påkøyringar av rådyr takast omsyn til.